

## Hogst av fin skog frå 1930-talet

21.05.2015



Granåkeren ovanfor Vonheim som no står for fall

**Også i år satsar einskilde skogeigarar på hogst i vårt område og oppe i dalen er Steinar Haugland igang. Han gjer det meste av jobben sjølv og nærmar seg no målet. Det betyr at 330 kubikkmeter med fin gran vert plukka ut av det bratte terrenget ovanfor Vonheim. Plantinga skjedde på 1930-talet og resultatet er imponerende. Bestandet kan samanliknast med ein åker! Haugland har leid inn ein hogstmaskin. I dei aller brattaste partia planlegg han bruk av taubane. Det er no ikkje igang hogst andre stader i Uskedalen, men det skal igang noko meir i Herøysund.**

Tømmeret vert som før skipa ut over Børnes kai. Hogsten auka sterkt i fjor i kommunen og kom heilt opp i 13 000 kubikkmeter som var 10 000 kubikkmeter meir enn i 2012. Det heng saman både med prisane og auka maskinkapasitet lokalt.

Vestskogs årlege omsetnad er nå oppe i 350 000 kubikkmeter etter sterk auke i dei seinaste åra-

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Steinar Haugland gjer det meste sjølv